


Sveio kyrkje 1858



Valestrand kyrkje 1873



Førde kyrkje 1937



Eikeland kapell 1960

1. Program for visitasen

Tid 11.-13. og 15. september 2024

Onsdag 11. september

08.30 Nattverdsgudsteneste med staben i Sveio kyrkje. Ved Arild Steinsland

09.15 Stabsmøte

11.00 Andakt på Sveio omsorgssenter. Ved Eirik Aadland Tappel

12.00 Lunsj

12.30 Samtale med prest

13.45 Bedriftsbesøk

Birkeland entreprenør – med underselskapene BJ kran og anleggsgartnarmeister Håkon Bjørndal er den største arbeidsgjeveren i Sveio med om lag 100 tilsette.

15.30 Besøk på Ryvarden med middag

Ryvarden er Sveios største turistmål

19.00 Kulturkveld i Valestrand kulturkyrkje

Valestrand kulturkyrkje er 20 år i år. Valestrand kallar seg sjølv kulturbygda

Valestrand og det med rette då bygda er full av kulturaktørar innan fleire kulturformer.

Innslag frå forfattarane Einar Økland og Agnes Ravatn, Fartein Valen-Sendstad frå Valen arbeidet, Valestrand mannskor, Innslag ved teatergruppa TeARTig og leiar Marco Thomas, Performance innslag ved kunstnar Sigmund Skard. Og andre innslag, kanskje ved biskopen? Kvelden blir leia av Arild Steinsland.

Kulturkyrkjekafé med kakefest i etterkant av kulturkvelden.

Torsdag 12. september

09.00 Samtale med kyrkjevevja

10.00 Møte med kommunen

12.30 Prostidag på Sveio soknehus

Fyrste del er med stabane i Sunnhordland. Startar med lunsj

Tema på denne samlinga: Samarbeid og fellesskap mellom dei kyrkjeleg tilsette lokalt.

16.00 Middag og oppmøte av sokneråda i Sunnhordland

Tema på denne samlinga: Arbeid med mål og strategi for kyrkja lokalt.

19.00 Prostigudsteneste i Sunnhordland – preike ved biskop Ragnhild Jepsen

Fredag 13. september:

09.00 Samtale med prest

10.15 Skulebesøk – Sveio Skule. Skulen er kombinert barne- og ungdomsskule, og den einaste ungdomsskulen i kommunen. Skulen har 520 elevar.

Ein møter elevar i skulens auditorium for innlegg frå Biskop og spørsmål

1.-4. klasse – 20 minuttar til eit innlegg frå biskop

5.-7. klasse – 20 minuttar til eit innlegg frå biskop

8.-10. klasse – 35 minuttar til eit ein innlegg frå biskop og spørsmål frå elevane

11.30 Lunsjmøte med rektor og lærarane på Sveio skule

14.00 Gjenbruksløa i Førde.

Løa er 10 år i år og har vært eit stort bidrag i å betre kyrkjelydane i Sveio sin økonomi med blant anna eit nedbetalt Soknehus. Nå skal pengane gå til NMS misjonsprosjekt i Pakistan, til diakoniprojekt og andre gode prosjekt i kyrkjelyden. Løa er open frå kl.

14.00 og ein tenker å invitera frivillige og andre på bursdagskake og markering.

Markeringa blir leia av Arild Steinsland.

15.45 Samtale med soknerådsleiarane

16.00 Samrådsmøte med sokneråda med varm mat.

19.00 Heimreise for biskopen

Søndag 15. september:

11.00 Visitasgudsteneste i Sveio kyrkje – biskopens visitasforedrag

12.30 Kyrjekaffi på soknehuset



2. Kort historisk riss sidan førre visitas

Førre bispevisitas i Sveio var 30. november - 2. desember og 5. desember 2010 ved biskop Halvor Nordhaug. I 2010 hadde ein tradisjonelle postar som samtaler med prestar, stab, sokneråd og kommune. Ein hadde og to skulegudstenester, i Sveio kyrkje for Lid, Vikse og Sveio skular og i Førde kyrkje for Auklandshamn, Førde og Valestrand skular. Det var kulturkveld i Valestrand kulturkyrkje kor biskop Halvor Nordhaug spela gitar og song Beatles. Det var bedriftsbesøk hos helikopterfyllingsprodusenten «Helifuel». Eikeland kapell var 50 år og det blei feira i eit oppussa og ombygd kapell. Visitasgudstenesten var i Sveio kyrkje med kyrkjekaffi på Sambrukshuset. I Visitasforedraget til biskopen kom det fram at sokneråda i Sveio burde arbeida saman for eit soknehus ved Sveio kyrkje.

3. Tilhøva i prestegjeldet

Det er 5750 innbyggjarar i Sveio kommune, og kommunen opplevde ein kraftig innbyggjarvekst særleg mellom åra 2008 til 2018 då folketalet auka med om lag 1000 personar. I sør, på grensa til Haugesund, blei det bygd mange nye hus på bustadfeltet Rophus og Ekrene. Desse feltet ligg berre 7-8 km frå Haugesund sentrum slik at mange av dei som flyttar hit vil jobbe i Haugesund, mens ungane vil ha plass i barnehagar i Sveio og tilhøyrrer Vikse skulekrets. Denne tilflyttinga med tilhøyrande barnefødsler gjer at Sveio har ein forholdsvis ung befolkning. Auka i folketalet har stoppa opp i dei seinare åra og folketalet har halde seg temmeleg stabilt i nokre år.

Kommunen har 5 barneskular – Valestrand oppvekstsenter (33 elevar), Førde skule (90 elevar), Auklandshamn skule (38 elevar), Sveio skule (275 elevar) og Vikse skule (150 elevar). I kommunen er det ein ungdomsskule i Sveio (153 elevar). Skulane i Auklandshamn og Valestrand er nedleggingstrua og elevane er foreslegne flytta til Førde skule. Sterkt folkeleg engasjement har hindra desse planane så langt, men vedtak i kommunestyret går på å vurdere dette på nytt viss elevtalet blir endå lågare.

Sveio er ein tradisjonell jordbrukskommune, med 140 bønder som driv med jordbruk på heiltid. Dette er eit sterkt minkande tal, i 2010 var talet 193. Landbruk er likevel den store næringa i Sveio kommune. I dag er det ca. 160 bruk attende. 9 av desse er mjølkebruk, nokre store sambruk. Talet på mjølkebruk var på 25 i 2010. Vi er ein stor sauekommune med ca. 7000 vinterfora sauer. Antal sauer held seg stabilt. Nokre driv med såkalla grøn omsorg blant anna Straumøy gard og Tjernagel leir- og fritidssenter. Landbruksnæringa er med og held oppe busetjingsmønsteret i kommunen med mange grender.

Vi har 6 verna våtmarksområde med eit rikt fugleliv, og i Sveio sentrum finst Salamanderparken med den raudlisteførte arten Stor salamander (*Triturus cristatus*). Kommunen har ca. 300 vatn og tjørner. Dette er unikt i Hordalandssamanheng. Natur- og friluftsliv står sterkt i kommunen med turlag og Sveio O-lag i førarsetet.

Sjølv om jordbruket framleis står sterkt i Sveio, er dei fleste arbeidstakarane i kommunen engasjerte på andre område enn landbruk. Det er alt nemnt at mange sveibuar har arbeidet sitt i eller kring Haugesund. Det er mange som dagpendlar til arbeidet sitt både sørover og nordover.

Tradisjonelt har også mange frå kommunen vår hatt livet sitt knytt til sjøen. Havbruk er etter kvart blitt ei stor næring og det vert levert store mengder laks frå anlegga i fjordane og vikane her. Både Lerøy, Bremnes Seashore og Alsaker Fjordbruk er store aktørar, samt at det er nokre mindre lakseoppdrettarar. Mange sveibuar reiser framleis på båtar, både utanriks og innanriks. Mange har også arbeidet sitt innan oljeindustrien, offshore, på Kårstø og andre stader.

Det er ikkje mange store industribedrifter i Sveio, men her er ei god gründerånd og god vilje til å få noko til. Av viktige verksemdar kan me nemna: Ølen betong si avdeling i kommunen, diverse større og mindre entreprenørselskap. Av større entreprenørar kan nemnast Birkeland entreprenør som i nyare tid har etablert seg på Ekrene industriområde. Dei kjøpte opp eit Sveiofirma og flytta all verksemd til Sveio frå Haugesund. Dei har om lag 80 tilsette. Det er også nokre meir spesialiserte firma i Sveio så som Helifuel som lagar helikopterfyllingsanlegg, og Norsk lek og park som lagar leikeapparat. Begge desse ligg på Hanaleite industriområde i Førde. Eit anna firma av den spesielle sorten er Hiernagla, som ha etablert seg på Ekrene industrifelt. Dei er eit brenneri som lagar whisky, gin, akevitt og rom.

Og mange i Sveio er knytte til servicetenester innan kommunal sektor, skule, helsestell, forretningsverksemd o.s.b. Sveio kommune er god på eldreomsorg, og Sveio omsorgssenter sysselset mange.

4. Råd og tilsette

4.1 Sokneråd

Sveio sokneråd

Sveio sokneråd har i dag 8 faste medlemmar og 3 varamedlemmar.

Anne Vierdal - leiar

Rune Hjelmeseter - nestleiar og representant til Sveio Kyrkjelege Fellesråd, samt medlem av trusopplæringsutvalet

Bente Hovland Johannessen – koordinator for kyrkjevertgruppene, samt kontaktperson Diakoniutvalet

Solfrid Lier - økonomi, referent, samt medlem av kyrkjemusikalsk utval

Hildur Larsen – koordinator for kyrkjevertgruppene, samt kontaktperson for konfirmant-komitè

Leiv Rossehaug - medlem trusopplæringsutvalet

Astrid Furdal - representant til Sveio Kyrkjelege Fellesråd
Sigrund Breistig – 2. vararepresentant til Sveio Kyrkjelege Fellesråd, samt medlem av Diakoniutvalet
Lars Reiersen - vararepresentant, samt medlem av Diakoniutvalet og Basarkomitè
Kjell Gunnar Nymark – vararepresentant, og 1. vararepresentant til Sveio Kyrkjelege Fellesråd
Lars Edvart Larsen - vararepresentant
Richard Stokkenes - vararepresentant

Soknerådet har utvalsarbeid innan diakoni, konfirmant- og trusopplæring, har medlem i kyrkjemusikalsk utval, samt at dei koordinere kyrkjevertane, er representert i styret for Valestrand Kulturkyrkje og i Sveio Kyrkjelege Fellesråd.

Valestrand og Førde sokneråd

Valestrand og Førde sokneråd har i dag 8 faste medlemmar og 3 varamedlemmar.

Tor Helge Hardeland - leiar og representant til Sveio Kyrkjelege Fellesråd
Tove Maryann Bjørge Ottesen - nestleiar og representant til Sveio kyrkjelege Fellesråd
Wenche Strømøy - referent
Jostein Malvin Valen - 1. vararepresentant til Sveio Kyrkjelege Fellesråd
Solveig Margrethe Brynjelsen - kyrkjevertsjeff Eikeland
Anne Mari Engeset Fisketjøn - representant til Valestrand Kulturkyrkje
Else Mønnich Egenberg - representant til Valestrand Kulturkyrkje
Sigurd Skard
Elisabeth Reiersen - vararepresentant, samt 2. vararepresentant til Sveio Kyrkjelege Fellesråd
Tatjana Stepanova - kyrkjevertsjeff Førde
Martin Gerhard Haugland - kyrkjevertsjeff Valestrand

Soknerådet koordinerer kyrkjevertane, og er representert i styret for Valestrand Kulturkyrkje og Sveio Kyrkjelege Fellesråd.

Sveio sokneråd har i dag 8 faste medlemmar og 3 varamedlemmar.

Sveio Kyrkjelege Fellesråd

Sveio Kyrkjelege Fellesråd har 6 faste medlemmar og 7 varamedlemmar. Det er to faste medlemmar frå kvart av dei to sokneråda, ein kommunal representant, samt ein prest. Kyrkjeverja er sekretær for rådet.

Tor Helge Hardeland - Valestrand og Førde sokneråd, leiar 2024
Rune Hjelmeseter - Sveio sokneråd, nestleiar 2024
Tove Maryann Bjørge Ottesen - Valestrand og Førde sokneråd
Astrid Furdal - Sveio sokneråd
Dagfinn Fagerland Bjørge, kommunal representant
Arild Steinsland, prest

Jostein Valen - Valestrand og Førde sokneråd, 1. vararepresentant
Kjell Gunnar Nymark - Sveio sokneråd, 1. vararepresentant
Elisabeth Reiersen – Valestrand og Førde sokneråd, 2. vararepresentant
Sigrund Breistig - Valestrand og Førde sokneråd, 2. vararepresentant
Ragnhild Elise Lysen, 1. Vara for kommunal representant
Ruth Grethe Østebøvik Eriksen, 2. Vara for kommunal representant
Svein Arne Theodorsen – prost, vara for prest

4.3 Tilsette

Dei tilsette i kyrkja i Sveio er ei lita gruppe. I tillegg til dei to prestane er det berre ei av stillingane som i dag er 100%.

Desse er tilsette i kyrkja i Sveio i dag:

Kyrkjeverje Rita Holmedal 80%
Kontorsekretær Brit Kannelønning Olsen 60%
Kyrkjelydspedagog Haldis Rolfsnes Stueland 60%
Trusopplærar Anne Vierdal 25%

Kantor Alie Hamberg 30%
Organist Leiv Rossehaug 70%, vikar
Arbeidsleiar gravplassane Hilde Ekornsæter 50%
Gravplassmedarbeidar Jeroen Bode 60%
Kyrkjetenar Hilde Ekornsæter 50%
Sokneprest Arild Steinsland 100%
Sokneprest vikariat 100%

5. Det åndelege livet i kyrkjelyden

5.1 Generell vurdering

Kyrkje- og kristenlivet har lange og rike tradisjonar i Sveio. Vi har ei kristenarv med røter heilt tilbake til det som skjedde på Moster både i 995 og 1024. Kommunen har ein sann flora av bedehus, både godt gamle og gammaldagse og nye, meir moderne og tidhøvelege. Kvar krins og kvart bygdelag har sitt bedehus. Nokre av desse er framleis flittig i bruk, medan andre stort sett har aktivitet for å sikra inntekt til å dekkja egne utgifter til elektrisk straum og nødvendig vedlikehald. I dei seinare år har nokre av bedehusa vorte selde og verksemda vorte lagd ned eller flytta til meir høvelege lokale. Bedehuset på Tittelsnes blei i 2023 omgjort til grendahus for Tittelsneskrinsen. Framleis vil ein ha gudsteneste i advent og tradisjonell basar med andakt som ein del av innhaldet i det «nye» grendahuset. Vikse og Sveio bedehus blei selt i 2016. Pengane vart gjevne til bygginga av nytt soknehus ved Sveio kyrkje. Og «bedehuset» er no ein del av soknehusarbeidet. Nye lokale har gjeve eit løft for bedehuskrinsen Sveio/Vikse.

Med nye kommunikasjonar er det i dag lettare for folk å dra over dei gamle grensene til samlingar og gudstenester. Det vert også gjort. "Sjustjerna" er eit samarbeid mellom 7 av bedehusa som endå har meir tradisjonelle bedehusmøte. På omgang møtest dei til møte og bibeltimar. Desse trekkjer framleis bra med folk, men helst frå den eldre generasjonen. Og det er eit minkande oppmøte på samlingane. Basarar, juletreffstar og andre lokale arrangement trekkjer endå godt med folk. Her finn også yngre familiar sin plass på

bedehusa. Fleire av bedehusa hadde eit godt barne- og ungdomsarbeid, men i dei seinare år er mykje av dette lagt ned. Bedehuset i Auklandshamn har Yngreslag der dei fleste frå 4.-7. klasse deltek. Den tradisjonelle søndagsskulen er nede i ein bølgedal, og det er ikkje tradisjonelle søndagsskular for tida i Sveio.

Men kyrkje og kristenliv står framleis sterkt i kommunen. Framleis vert eit fleirtal av borna døypte. Me har gode samtalar med heimane, og dei fleste foreldre er klåre på at dåp og kristen oppseding er noko dei verkeleg vel og vil. Sidan sist visitas er trusopplæringsplanen vedteken. Den har mange flotte tiltak med godt oppmøte. Nærare omtale av dette kjem seinare i visitasmeldinga.

Framleis vel eit stort fleirtal av 9. trinn kyrkjeleg konfirmasjon i Sveio. Nokre vel humanistisk konfirmasjon og nokre vel å konfirmera seg i andre kristne trussamfunn, og atter andre vel bort konfirmasjon. Vi har no flytta konfirmasjon til hausten med siste helga i august og fyrste helga i september som konfirmasjonsdagar. I august/september i år vart 65 av 78 (83%) på 9. trinn konfirmerte.

Mest alle gravferder er også kyrkjelege. Og det er godt å forkynna evangeliet inn i desse situasjonane. Det er tydeleg at kyrkja betyr mykje for mange, og at dei fleste ynskjer å høyra evangeliet godt og trygt.

Gudstenestedeltakinga har gått noko ned sidan førre visitas i 2010. Men akkurat for tida verkar det som om det er lettare å samle folk igjen. Kan hende det har med den auka uroa vi finn i verda? Folk er forholdsvis lette å spørje om å vere med og ein får ofte ja. Noko av fallet er stoppa med fokus på litt andre gudstenesteformer slik som basargudsteneste, diverse truopplæringsgudstenester, jazzmesse, bygdagudstenester, friluftsgudstenester mm. Dette er ofte gudstenester med spesielle former for samarbeid og/eller invitasjon til å vere med. Det skal ikkje alltid så mykje til for å få folk til å kome til Guds hus. Ei dame uttrykte etter bygdagudstenesten i Førde no i sommar: «Når det er bygdagudsteneste så er det liksom for meg då» 116 personar var tilstades i Førde kyrkje på denne gudstenesta. Kyrkjekaffi var i Lensmannsgarden som var 100 år i år.

Samstundes må me erkjenne at me slit med å nå store delar av aldersgruppa 20-60 år jamnleg. Dette er og vert ei skikkeleg utfordring.

Dei gamle vekkingane opplever me kanskje ikkje igjen? Samstundes opplever me til tider ei stille vekking. Eit lite løft i nattverdsdeltakinga er kanskje eit døme på dette. Eit anna er at

gjevargleda ser ut til å halde seg oppe. Folk ynskjer å støtte arbeidet. Og me har stor tru på at trusopplæringa i kyrkje og heim skal bera gode frukter også i framtida.

5.2 Det kyrkjelege livet

5.2.1 Gudstenestene

Gudstenestene er sjølv pulsslaget i kyrkjelydane i Sveio. Denne pulsen går nok noko saktare no enn ved sist bispevisitas. Sjølv om vi tidleg i perioden etter førre visitas opplevde ei auke i oppmøte på gudstenestene. Ein naturleg årsak til fallet er at mange aktive gudstenestegjengarar har vorte eldre og nokre viktige støttespelarar har falle frå. Ein annan forklaring på høge tal og auke på gudstenestene hang og saman med stor befolkningsvekst og store barnekull. No når barnekulla er tilbake på normalen så søkk og talet på dåp, born i trusopplæringsgudstenester og konfirmasjon. Dette gjev direkte utslag på oppmøte på gudstenestene.

Spesielt har fallet i deltakarar vore stort etter pandemien. Under pandemien blei oppmøtetala sjølvstarkt dårlegare med eit ned stengt Noreg. Dette blei kompensert med mykje godt arbeid på mediafronten med over 100 produserte gudstenester og andre innslag som blei publiserte på Facebook. Her var eit svært stort tal på sjåarar etter dei tala med fekk sjå på Facebook. Etter kvart investerte vi i eit strøymingsanlegg i Sveio kyrkje kor ein kunne strøyme gudstenestene direkte. Svært mange nytta seg av å sjå desse, også etter pandemien var over.

Men etter pandemien har det vore vanskeleg å få folk til å komme fysisk til gudsteneste i same antal. Folk fekk seg nye vanar under pandemien, blant anna var det mange som kjøpte seg hytter på fjell og ved sjø. Desse nyttast sjølvstarkt mykje i helgene. For å møte desse nye utfordringane dette har vi prøvd oss med ei kvardagsgudsteneste med utdeling av 6-årsbok.

Sveio sokn er det største i kommunen. Her bur meir enn halvdelen av folket i Sveio. Difor er gudstenestefrekvensen høgast i Sveio kyrkje. Sveio kyrkje har i dei fleste månadene gudsteneste annankvar søndag, i tillegg kjem høgtidsgudstenene. Dei er for det meste fellesgudstenester i kommunen der fyrstedagane og langfredag er lagd til Sveio kyrkje. Eit flertal av dåpshandlingane går føre seg i Sveio kyrkje. Det er mange trusopplæringsgudstenester med godt oppmøte. Men fallet i talet på deltakarar i høgmesser utan dåp og trusopplæringstiltak har kanskje vore størst i Sveio kyrkje. Mange gode folk knytt til bedehus og kyrkje har vorte eldre og falle frå. Det byrjar å bli synleg i Sveio kyrkje sjølv om framleis mange møter på gudstenestene. Ei anna mellombels grunn til fallet i Sveio kyrkje er at ein nå i eit år har mangla fast sokneprest. Flotte og gode folk har vore inne som vikarar, men det blir ofte slik at ein hald oppe det som er og ikkje i like stor grad tenkjer nytt om å møte desse utfordringane. I løpet av dei siste åra har ein satsa meir på kyrkjekaffi som går føre seg anten i kyrkjeskipet eller på soknehuset.

Valestrand og Førde sokn er meir oppdelt enn Sveio. Her finn me både Valestrand kyrkje med om lag 15 gudstenester i året og Førde kyrkje med om lag 18 gudstenester i året,

Eikeland kapell med om lag 12 gudstenester i året. Valen kapell har gudstenester olsok og nyårsdag. Elles ei og anna vigsle. I Eikelandkrinsen er det ein aktiv pinsekyrkjelyd. Denne driv eit allsidig arbeid for folk i alle aldrar. Men det er også ein aktiv og levande kyrkjelydskjerne som er knytt til Eikeland kapell og Auklandshamn bedehus.

Valestrand kyrkje og kyrkjelyd var for nokre år sidan nede i ein tung bylgjedal, men i staden for å leggja ned kyrkja og drifta, valde ein å tenkja nytt. Ideen om Valestrand kulturkyrkje kom på bordet. I mange år auka det medvitet om Valestrand kyrkje og var til inspirasjon for kyrkjelyden. Ved soknerådsvalet i 2018 var det ingen som melde seg til å sitje i soknerådet for Valestrandkrinsen. Det var ei krise for kyrkjelyden. Det blei sett i gang eit opplegg saman med gode krefter i krinsen for å diskutere det som var skjedd. Alle lag og organisasjonar stilte til krisemøte. Vi måtte redde arbeidet rundt kyrkja. Det var ingen som hadde tenkt på at no mangla ein folk til å tenkje på nettopp Valestrand kyrkje. No kom ingen til å bli sette opp som kyrkjevertar med dei store konsekvensane at det ikkje ville bli blomar på alteret og, kanskje den største krisen, det ville ikkje bli kyrkjekaffi. Man krinsen tok tak og 15 personar melde seg til å vere kyrkjevertar, ein melde seg til å organisere dette. Ved val til soknerådet i 2022 kom fire personar inn i soknerådet og ein vart vara. For å møte minkande tal på deltakarar i gudstenestene laga ein bygdagudsteneste der Valestrand mannskor blei ein viktig samarbeidspartnar. Kvinne- og famielaget laga «Bedehuskyrkjekaffi». Gjennom mange år har og gudsteneste under Valendagane vore ei viktig gudsteneste i Valestrand kyrkje. Her låner ein musikkrefter frå festivalen, og grandnevø til Fartein Valen, Fartein Valen-Sendstad, har preike. Denne gudstenesta var i over 15 år radiogudsteneste i NRK. Dette samarbeidet blei avslutta i 2015. Kyrkjekaffi med kulturelle og historiske innslag etter gudstensta er i Valenheimen.

Førde kyrkje og Valestrand kyrkje har omlag like mange gudstenester. Begge desse kyrkjene er gjort meir tilgjengeleg for kyrkjekaffi og andre arrangement. Førde kyrkje er ei god gudstenestekyrkje, men var og råka av nedgang i talet på oppmøte på gudstenestene. Her blei ein eining om ein SMS-aksjon. Folk som var interesserte i å møte på gudsteneste stilte seg opp på SMS-liste og får no ei påminning om å møte nokre få dagar før gudsteneste. I tillegg har ein satsa på bygdagudstenester i Førde med både ei i juni (Skaparverkets dag med gudsteneste i kyrkja og kyrkjekaffi i Prestehagen i samarbeid med Kvinne- og famielaget. Dagen vert avslutta med turstimarsj på turstiane i Førde) og ei bygdagudsteneste i juli med gudsteneste i kyrkja i samarbeid med mange musikkrefter og prestar som har Førde som feriestad. Her har det vore kyrkjekaffi på kjende lokasjonar med tilhøyrande historiefortellingar knytt til lokasjonane.) For tida er det mest menneske på gudsteneste i forhold til folketalet av alle kyrkjer og kapell i Sveio.

Under pandemien vart kyrkjene viktige blant anna på 17. mai. Det blei gjeve tillating til å halde eit enkelt arrangement utanfor kyrkjene. Her var det tale, gudsteneste og song med 50 innanfor murane og ein god del utanfor murane. I Valestrand har ein halde fram med eit folkeleg arrangement utanfor kyrkja leia av soknepresten også etter pandemien. Så går ein inn i kyrkja og held gudsteneste.

Framleis har vi skulegudstenester i advent og før sommarferie i Sveio. Det har vore i alle år eit godt samarbeid med skulane om desse. Sommargudstenestene har vore litt utsette for avvikling, og Vikse skule har konkludert at dei berre vil ha gudsteneste i advent. Dei andre ynskjer å fortsette og med sommargudsteneste. I gudstenestene deltek elevane med elevinnslag, tekstlesing og deltaking i dramatisering av preiketekst. Eit flott prosjekt hadde vi saman med skulane frå 2014 til 2019. Etter initiativ frå prestane vart det samla inn pengar til flyktningekrisa i Syria på skulane som var gjevne på skulegudstenestene og sendte til fellesaksjonen for flyktningearbeidet i Syria. I gudstenestene hadde vi fokus på flyktningar og utsette menneske. Til saman gav dette 148.355 kr. Eit resultat som blei mykje høgare enn ein hadde sette føre seg.

5.2.2 Kyrkjelege handlingar

Dåp

Fødselstala i Sveio har vore over ein 10 årsperiode frå 2008 til 2018 svært høge i høve til folketalet. Dette gjaldt spesielt i Sveio sokn, der nybygginga og innflyttinga var størst. Dåpen står sterkt i heile fellesrådsområdet. Dei aller fleste foreldre ynskjer dåp for borna sine. Unntaka er stort sett dei som høyrer til pinserørsla og dei med fleirkulturell bakgrunn. Fødselstala har vore på eit normalt nivå etter 2018, og dermed har det vore færre dåp. I 2022 blei det født 57 barn i Sveio. I det same året var det 49 dåp i kyrkjene våre. I 2023 blei det født 48 barn i kommunen og heile 46 barn blei døypte!

Konfirmasjon

Som tidlegare nemnt, står også konfirmasjonen sterkt i heile Sveio. Inneverande år blei 65 av 82 9.klassingar konfirmerte. Nokre få av desse vert døypte i løpet av konfirmantåret. Sjølv om folketalet har stabilisert seg, så er framleis aldersgruppa 10-14 den største gruppa i kommunen, med 438 personar. Det tyder blant anna at konfirmanttala vil halde seg høge i nokre år til. Til samanlikning er gruppa 0-4 år den minste gruppa med 281 personar av alle 5 års-grupper frå 0-74 i følge statistikk frå SSB. Totalt sett er 23,5% under 18 år i Sveio.

Vigsel

Kyrkjeleg vigsel har hatt eit fall også i Sveio, spesielt etter 2015. Snittet frå 2010 til 2015 var på 14, mens det frå 2016 til 2023 var på 7. Frå 2018 fekk ordførarar og andre tilsette på kommunehusa høve til å vie folk. Dette har gjort det enklare med borgarleg vigsel, og kan vere ein delgrunn til at vigselstala framleis er låge. Dei fleste som vert vigde, har levt saman ei tid. Samstundes er svært mange glade for at dei endeleg får gjort det dei meiner er rett. Dei fleste som vel kyrkjeleg vigsel, ynskjer å bruka kyrkjehusa,- spesielt Sveio kyrkje. Somme ynskjer også Valen kapell. Nokon få ynskjer å bruke Ryvarden fyr som vigselstad.

Gravferd

Kyrkjeleg gravferd er framleis bortimot einerådande i Sveio, og mest alle gravferder er opne for alle som vel vera med. Det er eit veldig sterkt samhald i bygdene her, og deltakinga i gravferdene er ofte svært stor. I Eikeland kapell er det ofte reint for lite plass, slik at mange

må stå ute. Pinsevenene brukar også kapellet på Eikeland til dei fleste av sine gravferder. Det er praktisk og greitt då kapell og kyrkjegard ligg side ved side. Ved kyrkja i Sveio blei det bygd ny gravplass i 2012. I Førde vart kyrkjegarden utvida i 2017. Utvida kyrkjegard vart vigsla ved Eikeland kapell 6. juni i år.

På grunn av alderssamansetjinga i kommunen har den nordre delen (Valestrand og Førde sokn) ein høvesvis stor del av gravferdene.

Sjå elles dokumentet med tabellar når det gjeld kyrkjelege handlingar.

Statistikk frå Sveio kyrkjelege fellesrådsområde frå visitasen i 2010 til 2023

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Dåp	73	72	84	63	69	66	48	51	53	58	40	40	49	46
Konfirmasjon	67	74	67	66	66	60	78	54	59	52	65	64	55	65
Vigsel	16	17	11	13	12	12	6	9	7	8	6	4	7	7
Gravferd	38	29	27	52	45	37	34	38	38	42	37	42	44	34
Gudst. Sønd.	10141	7326	6783	10653	9043	7923	7165	8391	8507	7024	3646	4148	6428	5515
Andre gt*	2095	3898	3279	2384	2486	2278	3809	2427	1950	2898	984	496	1664	2135
Pr. sønd. gt.	133	102	101	133	110	103	97	105	106	93	52	47	87	76
Nattverdsgl.	2137	2192	2143	2624	2083	1788	1908	1660	1557	1792	943	1008	1587	1907
Pr. gt.	53	58	53	50	41	37	39	35	31	35	29	23	33	37
Alle offer	292.033	268.743	298.473	252.627	265.566	274.328	276.011	264.785	248.808	248.591	132.427	162.036	248.616	267.055
Eige arbeid	100.903	110.878	149.202	138.781	129.566	118.807	127.535	113.496	96.202	102.896	50.812	68.038	79.589	-
Gjevarteneste	23.273	219.858	184.205	340.763	115.900	59.465	60.550	50.000	56.200	32.900	30.400	25.400	35.900	25.200
Basaren	50.1312	50.436	51.115	46.000	49.500	44.103	46.020	47.865	39.242	37.370	5.984	29.644	56.871	45.234
Fasteaksjonen	62.500	62.087	63.935	55.071	40.205	77.000	62.557	62.832	62.835	59.099	52.924	13.059	82.222	63.354
Syriaksjonen *2				44.000	43.520	24.117	19.858	16.860						
Gjenbruksløa					403.293	944.000	1.036.000	1.016.873	957.656	950.117	934.443	837.025	954.055	883.018

*Skulegudstenester/kvardagsgudstenester

*2 Samarbeid med skulane om å samle inn pengar som blei gjevne på skulegudstenester i samband med flyktningkrisa i Syria s

5.2.3 Dåpsopplæring/trusopplæring

Hovudmålet med trusopplæringa er at barna skal lære å kjenna kva dei er døypte til, og at opplæringa skal gi spirer til ei trygg tru på den treeinige Gud

Gjennom opplæringa vil me formidla både kunnskap og opplevingar gjennom bibelforteljing, bønn, møte med andre kristne, song og musikk, bildekunst, eigen formingsaktivitet og gjennom borna si deltaking i gudstenester. Trusopplæringa skal gi borna hjelp til å utøva trua si, lære dei å be og å bruka Herrens ord og nattverd.

Det er eit mål at trusopplæringa skal få borna/dei unge til å kjenna fellesskap og at dei høyrer til i kyrkjelyden.

Gjennom faste møtepunkt frå dåpen og fram til dei er 18 år, ønskjer me å nå alle dei døypte borna med opplæring i den kristne trua. Det er og eit mål å samarbeida med lag som arbeider med barn og unge gjennom heile året, slik at me kan styrkja kvarandre gjensidig.

Trusopplæringsutval og trusopplæringsplan

I 2011 blei eit felles trusopplæringsutval utnemnt av sokneråda, med medlemer frå kvart sokn. Hovudoppgåva var å utarbeida trusopplæringsplan for kyrkjelydane. Planen blei godkjend i bispedømet i januar 2014. Trusopplæringsutvalet har nå 2 medlemer frå kvart sokn, samt kyrkjelydspedagog og trusopplærar. Sokneråda oppnemner medlemer av utvalet i starten av sin periode.

Alle planlagde tiltak i den godkjende planen har nå blitt iverksett, evaluert, nokre har gått ut og nye har kome til. Planen er under kontinuerleg evaluering i trusopplæringsutvalet og reviderast ein gong i sokneråda sin valperiode.

Punkttiltak i trusopplæringsplanen per våren 2024

Alder	Namn på tiltak	Frekvens/antal samlingar	Kor? Og for kva sokn?
0	Dåp	Når familien søker dåp	Alle kyrkjene
0	Dåpssamtale	Avtalt med fam før dåp	
0	Babysang	Ca 20. Annakvar veke	Felles. I soknehuset eller dagsenter SOS
1	Helsing og gåve, eitt års dåpsdag	Fortløpande	
2	Helsing til to års dåpsdag	Fortløpande	
2	Krøllekveld. Utdeling av bok og lam. Kveldsmat	Årleg	Felles. I soknehuset
3	Helsing og gåve, tre års dåpsdag	Fortløpande	
3-9	Barnegudsteneste m 4-årsbok. Sveio Barnesang og barnekor deltek	Haust	Felles. Sveio kyrkje

4	Gudsteneste med utdeling 4-årsbok	Haust	Alle kyrkjene
6	Gudsteneste med utdeling av 6-årsbok	Årleg	Alle kyrkjene
7-8	Dåpsskule	Årleg. 6 samlingar og gudsteneste	Sveio: 7-åringar Nord: to årgangar annakvart år
7-8	Gudsteneste med dåpsskulebarn og tårnagentar	Årleg	Annakvart år i Eikeland og Førde
8-10	Etter skoletid (3. og 4. klasse) Sveio sokn	8-9 haust, 8-9 vår	Soknehuset.
8-10	Tårnagenthelg	Årleg.	Sveio: 8 år Nord: 9-10 år, Eikeland og Valestrand/Førde
9-10	«På sporet av Jesus»	Årleg	Felles. I Førde
11	Utdeling av Bibelen til 11-åringar	Årleg	Alle kyrkjene
11-12	Lys Vaken	Årleg. Overnatting i kyrkja	Sveio: 6. klasse Nord: 5. og 6. kl
12-13	Påskecamp	Årleg. Ei overnatting	Felles. Vigdarheim
15	Konfirmasjon	Årleg. 60 timar	Felles.
15-18	Ung Messe	Årleg. Førebuing og gudsteneste	Felles. Sveio soknehus og Sveio kyrkje
14-18	«Kyrkjechill», ungdomsklubb	8 samlingar	Felles. Soknehuset
16	MILK-kurs	7 samlingar og week-end	Felles. Soknehuset

Kontinuerlege fellestiltak

Alder	Tiltak	Frekvens	Stad
1-5	Barnesang	Annakvar veke	Felles. Soknehuset
6-13	Sveio barnekor	Kvar veke	Felles. Sveio kyrkje
10-13	Kidshouse	Ein gong i månaden	Felles. Vigdartun
10-13	Tweensklubb	Ein gong i månaden	Felles. Soknehuset

I tillegg til dei nemnde punkttiltaka og dei continuerlege tiltaka som kyrkja står for, er det grupper i krinsane som har søndagsskule og barnelag. Det er per våren 2024 søndagsskule i Førde bedehus og Yngreslag for barn 9-13 år i Auklandshamn bedehus.

Medarbeidarar

Me er avhengige av uløna medarbeidarar på trusopplæringstiltaka, og me har mange gode og trufaste medarbeidarar. Desse er gjerne pensjonistar, nokre foreldre, samt ungdommar som deltar på, eller har deltatt på, kyrkja sine leiarkurs.

Samarbeid med barnehagane og skulane

Det er skulegudstenester for skulane i Sveio og barnehagegudstenester i adventstida. Dei fleste av skulane har og gudstenester før sommarferien.

Nokre av barnehagane og elevane på første trinn ved Sveio skule, deltar og på julevandring i Sveio kyrkje.

Det er og skuleklassar som kjem på besøk til kyrkja etter avtalt program.

Deltaking og erfaringar

Me har god oppslutning om dåp og konfirmasjon. Det er elles varierende deltaking på tiltaka, og deltaking varierer frå årskull til årskull. Det som jamt over har god deltaking er Babysang, 4- og 6-årsbok, Tårnagenthelg og Lys Vaken.

Dåpsskulen i Sveio sokn har fått god auke i oppslutning etter at me la det til SFO-tid, då konkurransen om fritidssona blei unngått. I nord har me dåpsskule på ettermiddagstid, og det har hatt jamn oppslutning.

Gjennom Babysangen byggjer relasjonar til familiane, og det gir grunnlag for vidare kontakt med barnet og familien. Det gjer og at foreldre byggjer relasjonar seg imellom.

Tiltak med fleire samlingar og kontinuerleg arbeid gir gode relasjonar til barna og me ser at dei blir med vidare på tiltak etter kvart som dei veks opp. Derfor har nokre av punkttiltaka gått ut og blitt erstatta med meir kontinuerlege tiltak, som til dømes «Etter skoletid», som me starta med for 3. og 4. klassingar hausten 2022.

Sveio barnekor øver kvar veke og har barn i aldersgruppa 6-13 frå heile kommunen med. Dei deltar på nokre av gudstenestene og arrangement innan trusopplæringa, og dei har eigne konsertar. Det er eit stort arbeid som kyrkjelyden har mykje glede av.

Gjennom trusopplæringstiltaka får barna/dei unge oftare delta i gudstenester og får eit nærare kjennskap til gudstenesta, til bibeltekstar, salmar og liturgi. Gjennom Tårnagenthelg og Lys Vaken deltar mange av barna med drama av bibeltekstar, og får slik meir eigarforhold til innhaldet av bibelforteljingane.

Trusopplæringa har ført til at mange barn/unge og familiane deira ser deltaking i nattverden som ein naturleg del av gudstenesta. Me høyrer gjerne at barn ser på nattverden som eit høgdepunkt i gudstenesta.

Gjennom trusopplæringa møter me mange barn og familiar gjennom heile oppveksten til barnet. Me følgjer barna frå Babysang, via tilboda me har framover til konfirmasjon og leiarkurs. Slik ser me ein tydeleg effekt av trusopplæringa.

5.2.4 Undervisning

Konfirmantundervisning

Målet for konfirmantida er å vekke og styrke trua sitt liv, som vert gjeve i dåpen, slik at dei unge kan leva i kyrkjelyden sin fellesskap og veksa som Jesus Kristi læresveinar. Konfirmasjon står sterkt i Sveio og mange blir framleis konfirmert.

Konfirmantopplegget satsar mykje på fellesopplegg for konfirmantane. Vi startar alltid konfirmantåret med ein "Konfirmant kick-off" for alle konfirmantar og foreldre i Valestrand kyrkje. Omkring 150 personar er samla til informasjon og undervisning.

Frå 2008 har vi reist på konfirmantleir i regi av KFUK-KFUM, først TT på Gjøvik, så Spekter i Bærum før vi frå 2019 har vært på Camp Norefjell. Vi ynskjer at flest mogeleg skal vere med på dette så vi tilbyr økonomisk støtte til dei som slit med økonomien. I år var 55 av 65 konfirmantar med på leiren. Å vere på leir gjer at vi blir svært godt kjent med konfirmantane. Det er meningsfylt.

Dei som ikkje er på leir er klubbkonfirmantar. Om fredagane arranger dei klubbkveldar på soknehuset for dei andre konfirmantane og tidlegare konfirmantar. I forkant av klubbkveldane har vi undervisning med klubbkonfirmantane. Og når klubben tek til så ordnar klubbkonfirmantane til med utstyr for bordtennis og spel, og innebandy i storsalen og andre ting. Nokre bakar kaker som vi har på avslutningssamlinga. På samlinga spør vi kvarandre korleis vi har det og deler nokre tankar om søndagens tekst og ber Vår Far.

Vi har presentasjonsgudsteneste knytt til dei enkelte kyrkjene, Lysmesse gjennomført av konfirmantane blir haldne i Førde og Sveio kyrkjer. Lysmessa er også skulegudsteneste for ungdomsskulen i veka etter lysmessa er halden. Vi har også heildag med undervisning og sosialt på skulens planleggingsdagar.

Vi har Konfirmantfestival som samlar konfirmantar frå fleire kyrkjelydar i Sunnhordland. Sidan 2007 har den vore arrangert på Langevåg bygdatun. I dei seinare år har nokre grupper i Sunnhordland trekt seg ut og nokre grupper frå Haugaland prosti har komme til. Nytt av året var at heile festivalen vart flytta til Norheim kyrkje i Karmøy prosti. Grunnen til dette var først og fremst økonomiske og kommunikasjonsmessige. Men framleis var «Samen-teamet» til Bjørgvin bispedøme med. Festivalen på ny stad blei ein suksess også innhaldsmessig. Vi har bestemt oss for å halde fram på Norheim.

Konfirmantane lager og gjennomfører ei "Ung Messe" i mai kvart år, Konfirmantane deltek på Kirkens Nødhjelp sin "Fasteaksjon".

I 2019 flytta vi konfirmasjonshelgene frå mai til august/september. Då kan vi avslutte konfirmantåret med leir før konfirmasjonshøgtida. Etter at konfirmasjonane er gjennomførte har vi konfirmasjonsfest for konfirmantane og føresette. Sokneråda er arrangørar og lagar til ein fin fest med mange høge og flotte kaker. Vi tek et tilbakeblikk på konfirmantåret med kva vi har lært, vi ser bilete frå alt vi har gjort og konfirmantane takkar føresette for ein flott konfirmasjon og overrekker dei ei rose.

Leiartrening

Det er ei utfordring å få tilbod til ungdom som gjer at flest mogleg av konfirmantane vert med vidare i arbeidet i kyrkja. For å gjere noko med desse utfordringane har kyrkjelyden MILK (Minileiar – 10 klasse) og LIV (Leiing i vekst – 1.-3- klasse på vidaregåande) i samarbeid med Haugaland krets av KFUK-KFUM. Undervisning på MILK tek kyrkjelyden seg av, mens når det gjeld LIV er undervisning og samling eit samarbeid mellom KFUK-KFUM og kyrkjelydane i Sunnhordland og i Haugaland. Ei av LIV-week-endane har alltid vore halden i Sveio. Også LIV-arbeidet i heile området er nede i ein bølgedal. Det er forholdsvis greitt å få ungdommar med på MILK-kurs, men frå vidaregåande stadium er det vanskelegare. Ein grunn til dette kan vere satsinga på skulearbeid for mange. I år har det vore 8 med på MILK og kun ein med på LIV. I tillegg til kurs har dei som er med på kursa leiartrening på trusopplæringstiltaka i kyrkjelyden, så som Lys vaken, Tårnagentar, På sporet av Jesus, mm. Dette er eit svært kjekt og viktig samarbeid.

Stor var gleda for vår kyrkjelyd då ein av våre som har tatt alle kursa i leiartreningsprogrammet, Runar Larsen, blei ordinert til prest i juni 2023 og fekk seg jobb i Sunnhordland prosti. Også andre ungdommar frå Sveio er engasjert i kyrkjeleg arbeid som vaksne etter å ha vore med som leiarar i kyrkjelyden.

5.2.5 Diakoni

Det er vel rett å seie at organisert diakoni har vore ein akilleshæl i kyrkjelydane våre. Dette betyr på ingen måte at diakonal tenking og diakonal handling er fråverande. Men det har vore vanskeleg å ta skikkeleg styring over diakonien. Ikkje minst har det synt seg vanskeleg å få til ei organisert besøksteneste. Sveio har aldri hatt ein diakon til å organisera det diakonale livet i kyrkjelydane. Ei tid hadde kyrkjelyden uløna diakonimedarbeidarar.

Dei tilsette har tenkt og arbeidd diakonalt etter beste evne, og sokneråda har prøvt å organisera visse tenester. Nå blir det tatt tak i dette. Då Gjenbruksløa i 2022 fekk nedbetalt gjelda på Soknehuset, blei det bestemt at delar av overskotet på Løa skulle gå til misjonsprosjekt og diakonale tiltak.

Diakonutvalet i Sveio sokneråd har utarbeidd eit diakoniprojekt for begge sokneråda, kor Gjenbruksløa har gjeve tilsegn om støtte på 300.000 kr. årleg. Prosjektet ligg til vedtak i kommunen. Prosjektet har fått namnet «Besøksteneste for vår tid», og vere for åra 2025 til og med 2027. Prosjektet er tenkt som eit samarbeidsprosjekt mellom Sveio kommune og kyrkja i Sveio. I prosjektet ynskjer ein å tilsette ein diakon i kyrkjelyden i 50% stilling, der kommune og Gjenbruksløa står for halvdelen kvar i løn og utgifter til diakon. Prosjektet sitt

hovudmål er å organisere og drive besøksteneste. Det blir svært spanande å sjå om ein nå kan få dette på plass.

Gjenbruksløa i seg sjølv er også eit stort diakoniprojekt som er ein god møteplass mellom folk. Mange prioriterer ein tur til løa berre for ei vaffel og ein kopp kaffi. Det gjev mange gode samtalar. Omtanken for det skapte gjennom dei tinga som vert selt er også viktig, og betyr mykje for mange av medarbeidarane på løa. Vi kan ikkje misbruke skaparverket meir med bruk- og kastmentalitet.

Institusjonane

Den største institusjonen i kommunen er Sveio Omsorgssenter(SOS). Denne institusjonen har andakt ved prest annankvar tysdag/onsdag. Eit par gonger i semesteret vert det halde nattverd gudsteneste. Dessutan har Sveio kyrkjelyd ordinære gudstenester på SOS Kristi himmelfartsdag og julaftan. I tillegg kan dei som bur på SOS sjå direkteoverføring av gudsteneste frå Sveio kyrkje på romma sine eller i fellesareala. Prestane vert i tillegg ofte tilkalla for samtalar og med soknebod. Terskelen er forholdsvis låg for å be om soknebod.

I tillegg til kyrkja si andaktsteneste er det andakt kvar tredje søndag ved uløna medarbeidarar frå Sveiokrinsen og pinsekyrkjelyden i Auklandshamn. Dette vert organisert frå kyrkja si side. Dei fleste bedehuskrinsane i kommunen var tidlegare med i dette arbeidet, men er nå ute av samarbeidet. Dermed er har ein gjennom åra gått frå å halde dette kvar søndag til kvar tredje søndag.

Andre diakonitiltak

Sokneråda arrangerer jamleg kyrjekaffi etter gudstenestene. Desse er gode sosiale treffstader for mange.

Når det gjeld borna og dei unge, finst det ein del tiltak som verkar diakonalt: Kids House (treffstad for born i storskulealder), barnekora, konfirmantarbeidet, Klubb m.fl. Konfirmantane vert også utfordra på diakoni gjennom Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon.

Diakoniutvalet i Sveio sokn driv også prosjekt «Laurdagsgraut på Soknehuset» som trekker mykje folk til godt samvær.

Her kan også nemnast, «Songkafé» eit songprosjekt på soknehuset. Her syng ein saman, drikk kaffi og har det sosialt. Dette starta opp i vår og trekker mykje folk.

«Strikkeforeningen» samlar strikkeglade kvinner til sosialt samvær på soknehuset ein måndag i månaden. Her kan det møte opp mot 40 personar. Ein gong i året har dei basar som gjev pengar til kyrkjelydarbeidet. Her er det samla om lag 100 personar, no også mannfolk. Dei syklende prestane har alltid andakt på basaren og kjem som det høver seg på sykkel til soknehuset.

I Valestrand og Førde sokn starta ein i 2021 med å dela ut blommar til pårørande etter gravferd. Blomane blir delt ut i løpet av adventstida. Mange av dei som får desse blomane har gjeve gode tilbakemeldingar på dette tiltaket.

5.2.6 Misjon

Misjonsforeiningar

Sveio er ein kommune der misjonsarbeid har stått og ennå til ein viss grad står sterkt. Offer i kyrkjene våre til dei ulike misjonsorganisasjonane gjev alltid store beløp. Det er stadig færre misjonsforeiningar i kommunen – lik utviklinga elles i landet, men framleis er det fire igjen. Foreininga «Julegleden» knytt til Bråtveit bedehus og «Bua og Hovda kvinneforeining» (Starta i 1864) knytt til Bua bedehus er NMS foreiningar. «Førde kvinnemisjonsforeining» er NLM foreining, og «Fjernadopsjonsforeininga» i Sveio deler innsamla midlar mellom NMS, Misjonsalliansen og Normisjon.

Felles for dei fleste av medlemmene i misjonsforeiningane er at dei starta i foreiningane då dei var i 20 åra, og dei er ennå med i arbeidet!

Forutan misjonsmøte held dei basar for organisasjonane som gjev til dels store beløp til misjonarbeid. Den store misjonmessa på Sveio soknehus som samla NMS foreiningane til felles misjonsmesse blei lagd ned i 2022.

Mange av misjonskvinnene er no uløna medarbeidarar på Gjenbruksløa og finn det ekstra givande og meningsfullt at ein gjev av overskotet til misjonsprosjekt.

Misjonsgudstenester i samarbeid med Det norske Misjonsselskap NMS

I hausthalvåret får vi besøk av gjestepredikantar frå NMS i alle kyrkjene våre. Ved kyrkjekaffien etter gudstenesta vert det informert frå NMS sitt arbeid. Det er offer til NMS. Dette er ofte godt besøkte gudstenester.

Misjonsprosjekt

Kyrkjelyden har i 2024 inngått misjonsavtale med NMS og organisasjonen CLAAS, Center for Legal Aid Assistance & Settlement som driv med menneskerettsarbeid i Pakistan. Underteikninga av misjonsavtalen blei høgtidelig markert på medarbeiderfesten i juni.

Til prosjektet skal Gjenbruksløa stå for ein sum på 200.000 kr pr. år og det skal samlast inn pengar til prosjektet blant anna i gudstenester. Ein vil har fokus på prosjektet i forskjellige samlingar i kyrkjelyden. Kyrkjelyden er glad for endeleg å ha eit misjonsprosjekt på plass.

Misjonærar

Mange misjonærer har reist ut frå kommunen vår sidan Arne Valen, far til komponisten Fartein Valen, var den fyrste. Han reiste til Madagaskar og ankom 11. august 1874. Framleis

vert det samla inn pengar, ved kyrkjekaffien under Valendagane, til presteskulen i Masinandrana som Arne Valen var tilknytta frå 1890-93.

Det er for tida ingen misjonærar knytt til dei lutherske misjonsorganisasjonane frå Sveio.

5.2.7 Kyrkjemusikalsk verksemd

Sveio Småbarnsang på Sveio soknehus

Anna kvar onsdag –er det foreldredriven sangstund for barn i aldersgruppa ett til seks år. Ungene har med følgje av enten foreldre eller besteforeldre. Ein syng kjente barnesanger, leiker og spiser frukt. Tilbodet er gratis og frukta blir sponsa av ein av butikkane i Sveio.

Barnekor/Vokalgruppe i Sveio kyrkje

Det har vore drive eit stort arbeid med barnekor i Sveio gjennom mange år. På det meste så var det 4 kor; Førde barnekor, Sveio barnekor, aspirantkoret og Vokalgruppa for ungdom frå ungdomsskulen. Ingrid Pedersen Furdal var gjennom meir enn 25 år leiar for dette omfattande arbeidet. Då Ingrid gjekk av med pensjon blei Sveio barnekor vidareført med dirigent som sjølv hadde vore medlem i barnekoret og vokalgruppa, Tiril Birkelid samt André på piano og Solfrid Habbestad Lier som vaksenleiar frå soknerådet. Koret tel no omkring 25 medlemmer.

Aktørar i gudsteneste

Underlagt kyrkjemusikalsk verksemd er også bruk av andre musikalske aktørar under gudsteneste. Då brukar ein, gjerne og helst ungdom, til å synge og å spele på ulike instrument. Sveio har hatt eit rikt korps- og korliv og det har vore mange å spørje om å spele trommer, blåseinstrument eller å synge. Det er og har vore ein stor rikdom for kyrkjelivet i Sveio. Gudstenester med bruk av andre aktørar har vore gudstenester til konfirmasjon, 17. mai, julaftan, første juledag og 1. påskedag. På 17. mai og julaftan har korpsene vore med i sin heilheit. Samarbeid med kantorane har vore heilt nødvendig for å få dette til.

5.2.8 Barne- og ungdomsarbeid

Fleire av desse tiltaka er omtala under kapitla for konfirmantarbeid, leiartrening, kyrkjemusikalsk verksemd og trusopplæringsarbeid.

Kids house på Vigdartun

Ein fredag i månaden er det ope hus for born i 5. til 7. klassetrinn på Vigdartun. Det er Sveio sokneråd som er ansvarleg for tilbodet, men ungane kjem i stort antal, opptil 130 ungar, frå heile kommunen. Her er det ulike aktivitetar og sal av kioskvarer. Trusopplærar har nokre gonger hatt eit bord i kantina med samtalar og aktivitetar.

5.2.9 Vaksenarbeid

Bibelgrupper

Det har vore fleire bibelgrupper i kommunen og alphagruppe i Sveio. No er det berre ei bibelgruppe i Førde.

Anna arbeid knytt til kyrkjene/Soknehus

Valestrand Mannskor øver i Valestrand kyrkje, og deltek både i konsertar, kulturkveldar og gudstenester fortrinnsvis i Valestrand kyrkje. Dei har julekonsert i Valestrand kyrkje

Koret AdLibitum øver på soknehuset, har konsertar, gjerne salmekonsertar, i Sveio kyrkje. Dei deltek i gudstenester. Dei deltek i julekonserten i Sveio kyrkje.

Valestrand kulturkyrkje

Kulturkyrkja vart starta i 2004 og feirar altså 20-årsjubileum i år. Kulturkyrkja er ein del av Fartein Valen sitt landskap. I Kulturkyrkja vert det halde ulike kulturarrangement så som konsertar (Bjørn Eidsvåg, Vamp, Sigvart Dagsland, Elin Furubotn), konsertar i samband med Valen-festivalen (Solveig Kringlebotn, Nordic Voices, Ann Helen Moen o.a.), kulturkveldar (Salmekveldar, film, bokbad, tema om og frå Bibelen) og seminar.

Det er også Open kyrkje i juli månad i kyrkja med sommarutstilling på 13. året i år. Open kyrkje er eit samarbeid mellom styret i Kulturkyrkja, Soknerådet, Helselaget og Kvinne- og familielaget. 150-200 menneske er innom i løpet av månaden. Det er omkring 4-5 kulturarrangement i Kulturkyrkja per år. Det er ein nedgang frå tidlegare år på grunn av dårlegare oppslutnad. Nokre av arrangementa er kyrkja sjølv arrangør for og andre er det konserthaldarane som sjølv står for. Det er alltid kulturarrangement med lokale aktørar som treffer best på oppmøte. Det er alltid kulturkyrkjekafé etter arrangementa.

Då det ikkje blei noko av eit Valen-senter ved Valenheimen vart nokre av pengane nytta til utstyr i Valestrand kyrkje. Kyrkja fekk flygel og eit godt lydanlegg. Samtidig blei det etablert eit lydstudio, Fartein Valen lydstudio, i den gamle dåpsakristiet til venstre for korpartiet. Utstyret har vore nytta til mange innspelingar av musikk i mange genre.

Bedehusa

Det var 13 bedehus i kommunen med meir eller mindre aktivitet ved førre visitas. Fleire er nedlagde sidan sist visitas. No er att berre «Sveio bedehus» på Soknehuset, Bua bedehus, Tjernagel bedehus, Bråtveit bedehus, Auklandshamn bedehus, Rød bedehus, Erve bedehus, og Førde bedehus. 7 av desse 8 er tilknytt samarbeidet «Sjustjerna» med fellesmøte der kvar av krinsane har eitt arrangement i året. Desse arrangementa samlar omkring 30-40 menneske.

Det er varierende aktivitet på bedehusa frå tilnærma ingen aktivitet til stor aktivitet. På bedehusa er det arrangement for misjonsforeningane, barnarbeid, bønemøter, møte, samtalegrupper, juletefestar, basarar for eige arbeid og misjon.

Medarbeidarfest

I mai/juni kvart år vert det arrangert medarbeidarfest i kyrkjelyden. Om lag 250 uløna medarbeidarar vert inviterte. Det er ei deltaking på 100-120 personar på sjølve festen. Festen inneheld gjennomgang av året som har gått i form av bilete og statistikk, underhaldning, mykje song, festtale ved prost og ordførar, god mat og festen blir avslutta med ein andakt.

Jubileum

Å feire jubileum har vore med å bidra til auka merksemd og fornying av arbeidet der jubileet har vore gjennomført. Jubileum er godt vaksenarbeid for kyrkjelydane.

Sidan sist visitas har det vore jubileum for Førde kyrkje, 75 år, i 2013. Ein komité blei oppretta av soknerådet med gode krefter som gjennomførde ei ombygging av tidlegare sakristi til kjøkken. Uteområda ved gravplassen blei rydda og ordna. Her møtte mykje folk opp på dugnadane for å ta eit tak. Det blei gjeve ut eit hefte, skrive av Gunnar Salomonsen og redigert av Arild Steinsland, som alle husstandar i Førde fekk gratis levert i postkassane sine. På sjølve jubileumsdagen var det gudsteneste i kyrkja og gratis middag på Samfunnshuset. Sveio kommune støtta jubileet med 100.000 kr. Alle i Førdekrinsen fekk giro i postkassane sine og blei bedne om å støtte arbeidet som ble gjort i og ved kyrkja. Dette gav heile 175.000 kr.

I 2023 var det jubileum for Valestrand kyrkje, 150 år. Også her blei det sett ned ein komité av soknerådet. Her blei mykje godt dugnadsarbeid gjort, blant anna med hellelegging føre trappa på kyrkja. Dei store trea på austsida av kyrkja blei tekne ned i eit samarbeid mellom profesjonelle og uløna medarbeidarar. Det var kyrkjegardsdugnad. Ved dette jubileet blei det også gjeve ut ei bok, «Valestrand kyrkje 150 år – ei soge om endringar», skriven av Gunnar Salomonsen, med epilog av Einar Økland og redigert av Arild Steinsland. Boka blei gjeven gratis til alle husstandar i Valestrandkrinsen.

Ved jubileet hadde ein kulturkveld med historia om kyrkja med kulturinnslag. Her blei delar av epilogen lesen av forfattar Einar Økland. Det var også ein stor konsert med Valestrand mannskor (10 år i 2023) og Adlibitum (40 år i 2023). Korjubileea blei markert i konserten. I tillegg deltok Sølvi Vinnes og Alie Hamberg med kulturelle innslag.

På søndagen var det flott jubileumsgudsteneste og middag på Ørevik grendahus. Til middagen var det påspandert laks frå ein av lakseoppdrettarane i Sveio. Middagen blei laga på dugnad. Og inntektene frå middagen gjekk til kyrkja. Sveio kommune gav 150.000 kr til jubileet og i ein bygdaaksjon kom det inn ca. 12.000 kr.

Nokre delar av vaksenarbeidet i kyrkjelydane i Sveio er omtala under avsnittet om diakoni.

5.2.10 Arena for kyrkjelydsarbeid.

Ved visitasen i 2010 nytta biskop Halvor Nordhaug høve til å snakke at også kyrkjelydsarbeid må ha gode heimearenaer for arbeidet sitt. Han utfordra kyrkjelyden til å gå saman om å bygge eit soknehus i Sveio sentrum. Han la fram eit forslag om kordan ein kunne gjere dette

med givarteneste. Han lova at viss bygget blei en realitet så skulle han komme tilbake og opne bygget.

Kyrkjelyden hadde i mange år vore klar over dette «problemet». Det starta allereie i 2004 med ombygginga av Valestrand kyrkje til å huse kulturkyrkje, og å betre forholda for blant anna kyrkjekaffi ved å fjerne benker bak i kyrkja og setje inn bord og stolar. Ein fjerna også benker framme i kyrkja for å få betre plass til aktivitetar både ved konsertar, kulturkveldar og gudstenester.

I 2006 byrja ein med eit tilsvarande arbeid i Førde kyrkje. Benkar blei fjerna framme og bak. Bord blei mogelege å nytte bak i kyrkja til kyrkjekaffi, møter og konfirmantarbeid. Kyrkja fekk projektor, betre lydanlegg og lysanlegg. Men allereie på 60 talet fekk Førde kyrkje påbygd nokre rom på nordsida av kyrkja som ein blant anna fekk installert toalett i.

I 2008 var Sveio kyrkje 150 år, og ein nytta høvet til å fjerne benker framme for å gje betre plass til aktørar under konsertar og gudsteneste. Ein fekk ei flott trapp ned frå galleriet og til korpartiet. Det blei installert projektor og lysanlegg. På 70-talet blei det bygd eitt rom på kvar side, til toalett på eine sida og dåpsakristi på andre sida. Ved jubileet i 2008 blei det bygd kjøkken i dåpsakristiet.

I 2010 var Eikeland kapell 50 år og ein nytta høve til ei totalombygging av kapellrommet slik at det blei opnare og meir høveleg til eit framtidsretta kyrkjeliv. Den delen av bygget som romma toaletta og prestesakristi blei om ombygde slik at ein fekk seg ein liten kyrkjelydssal til møte og kyrkjekaffi. Nytt lydanlegg og lysanlegg blei montert. Projektor var komen på plass allereie i 2006.

Også før visitasen i 2010 hadde ein starta med arbeidet med soknehus i Sveio. Den gongen som eit prosjekt i Sveio sokneråd sin regi. Etter visitasen med biskopen sine innspel blei det bestemt at begge sokneråda skulle vere med i prosjektet, og det blei danna ein komité med medlemmer frå begge sokneråda under leiing av Per Bjørn Habbestad. Det blei sett i gang arbeid med gjevarteneste, men det viste seg å vere noko vanskelegare å få folk med på dette ein biskopen hadde sett føre seg. Ein del pengar kom inn i starten, men ikkje i så stor mon som ein hadde bruk for. Det var fyrst da ideen om ein gjenbruksbutikk kom opp at det blei fart i sakene. Gjenbruksløa blei opna i Førde 24. august 2014, og ein såg snart at det kom inn så mykje pengar at ein kunne setje i gong med detaljplanlegging av bygginga av soknehuset. Kommunen såg også at dette var levedyktig, og gjekk inn med 3,5 millionar til å kjøpe ein del av huset som skulle huse kommunale oppgåver som kontor til Fellesrådet, bårehus og kapell, samt garasje for gravferdsavdelinga. Og allereie 16. desember 2016 kunne biskop Nordhaug komme tilbake til Sveio for å opne huset. I 2022 var lånet til huset nedbetalt og ein har no eit gjeldfritt hus som heimearena for mykje av kyrkjelydsarbeidet i Sveio. No går overskotet i Gjenbruksløa til andre føremål som er omtala i andre avsnitt.

Det folk ser utanfrå når dei ser på Valestrand kyrkje er annleis no enn då kyrkja var ny i 1874. Tårnpartiet er ombygd og endra. 25 august 2011 vart fyrste spadestikket teke for påbygg på kvar side av tårnet. Sveio kommune gav 1.6 million kr til isolasjon av tårnet. Men sokneråd/sokneprest arbeidde for at dei pengane kunne nyttast slik at det vart rom på kvar

side av tårnet. Dette var kommunen med på. Alt arbeidet skjedde i regi av soknerådet og ikkje fellesrådet.

Arild Steinsland var prosjektleiar og soknerådsmedlem Johannes Sæverhagen var formann for arbeidet. Ein trong profesjonell hjelp for å byggja reisverk for tilbygga på kvar side. Denne jobben tok Kåre Høyland.

Grunnarbeida for påbygga og all innreiing i påbygga vart gjort på dugnad. Ein imponerende dugnadsinnsats vart gjort, 1100 timar. Johannes Sæverhagen fekk tak i diverse materiale så rimeleg som råd var. Han for mange turar til Haugesund med tilhengar til bilen for å henta alt.

Arbeidet førde til at heile kyrkja vart isolert. I tårnfoten fekk ein 4 rom. På eine sida ved inngangen fekk ein to toalett og garderobe, på andre sida fekk ein kjøkken. Over desse to fekk ein to grupperom med inngang frå galleriet.

50-60 personar har gjort dugnad i dette arbeidet. Dugnadsånda har verkeleg vore levande og sterk i Valestrandkrinsen. Soknerådsmedlem Elin Hetlesæter var den som skaffa folk til dugnad og administrerte arbeidet med mat og drikke til alle som gjorde ein innsats. Ho deltok også i dugnadsarbeidet saman med dei andre.

5.2.11 Kyrkja og kommunikasjon

Kyrkja i Sveio har ei nettside Sveiokyrkja.no kor ein kan finne diverse informasjon om kyrkjelivet i Sveio. På sosiale medier er kyrkja enda meir aktiv. Vi har tre facebooksider; «Sveiokyrkja», «Valestrand kulturkyrkje» og «Gjenbruksløa». Vi har Instagramkonto; «Sveiokyrkja».

Facebook-kontoen «Sveiokyrkja» har 1200 følgjarar. Her finn ein melding om alle gudstenester og arrangement, samt førehandsomtale og «reportasje» om ting som har vore. Administrerast av staben i Sveiokyrkja.

Facebook-kontoen «Valestrand kulturkyrkje» har 779 følgjarar og har meldingar om alle kulturarrangement og små reportasjar frå det som har vore arrangert. Administrerast av sokneprest og nokre medlemmer i styret for kulturkyrkja.

Facebook-kontoen «Gjenbruksløa» har 8100 følgjarar, og har kvar onsdag melding om fine nykomne varer til sals i løa. Administrerast av Per Bjørn Habbestad og Arild Steinsland.

Vi nyttar oss også av Facebooksidene «Ka skjer i Sveio?», «Ka skjer i Førdebygda?» Ka skjer i Auklandshamn» og «Valevåg» for å melde om gudstenester og arrangement.

Instagramkontoen «Sveiokyrkja» har 277 følgjarar og har meldingar om gudstenester og arrangement og små bildereportasjar frå ting som har hendt. Denne kontoen administrerast av arbeidsleiar for uteseksjonen Hilde Ekornsæter.

Vi opplever ofte å få «likes» og gode tilbakemeldingar på sosiale medier utan at dei som gjer det møter opp til gudsteneste og arrangement. Dette er likevel ein god måte å ha kontakt med kyrkjelyden.

Vi har SMS-aksjon for Valestrand kulturkyrkje og til gudstenester i Førde kyrkje.

Vi annonserer kvar veke i lokalavisa Vestavind for gudstenester og andre arrangement. Vi har eit samarbeid om annonsering slik at vi er del av kommuneannonsa og kyrkja betaler ikkje for dette. Ved enkelte høve har vi større annonser som vi sjølv står for.

Vi annonserer også ved spesielle høve i Haugesunds avis – det kan vere eksempelvis for jule- og påskekudstenester.

Vi har tett kontakt med lokalavisa Vestavind som gjerne og ofte har reportasjar og notiser om kva som skjer i kyrkja.

6. Kyrkjer og kyrkjegardar

Kyrkjebygga og gravplassane er viktige møteplassar. Kyrkjene er viktige kulturskattar i kommunen. Ein velhalden gravplass fortel oss om einskildpersonar, slekt og lokalsamfunnet si historie. Tre kyrkjer og to kapell krev store ressursar til vedlikehald og drift. Det vert utarbeida årlege planar for vedlikehald i samband med budsjettprosessen.

Førde kyrkje vart rehabilitert og måla utvendig i 2022, og Valestrand kyrkje til 150 års jubileumet i 2023. Tilskot frå kommunen på kr 300 000 til sistnemnde
I løpet av 2023 har Sveio kyrkja fått på plass varmestyringssystem som har halvvert straumkostnaden i månadane jan-mar 2024 i høve til 2023. Anlegget vart tatt i bruk i desember 2023, og blir testa gjennom heile 2024 med ulike målingar. Her fekk vi innvilga kr 900 000 i rentekompensasjonsmidlar - noko som dekkja kostnaden.

I løpet av 2024 er gravplassen ved Eikeland kapell utvida og har gitt plass til ca 204 kistegraver, 63 urnegraver der 52 av desse er i namna minnelund.
Anlegget har òg gitt plass til 17 nye parkeringsplassar. I samarbeid med Vestland fylkeskommune er det sett opp 4 nye veglys – der fylkeskommunen har bidratt med 50% av kostnaden. Fylkeskommunen har òg påtatt seg kostnaden med ny asfalt på fylkesvegen langs kapellet. Det er elles lagt inn ny straumkabel og røyr for fiber og tavler for straum er bygd om med ny innmat og kursar, vassmålar er montert og nye vassrøyr er ført ut frå kapellet til begge vasspostane og fasadelys til kapellet er skifta ut. Gravplassen vart vigsla 6. juni 2024, og er no tatt i bruk. I den samanheng vart det gjort ein stor dugnadsinnsats med å mala kapellet - slik at det skulle skinna på lik linje med den nye gravplassen.

Alttertavla i Valestrand kyrkje er under rehabilitering, og arbeidet vert avslutta august/ september 2024. Totalkostnad kr 177 870 – av dette vert kr 160 083 dekkja av midlar frå Riksantikvaren.

Planar for oppgradering og vedlikehald.

Taket på kyrkja i Valestrand treng vedlikehald – takheller er knuste og har medført råteskade i tak og tårn – kostnadsestimat er innhenta og synfaring med kommunen er gjennomført. Det blir synfaring med entreprenør i løpet av august, og arbeidet er planlagt ferdigstilt i løpet av hausten 2024.

Sakristia i Sveio kyrkja treng vedlikehald og oppgradering, og arbeidet er planlagt i løpet av vinteren 2024/2025 med eigne ressursar og noko dugnadsarbeid.

Etter at testinga av varmereguleringssystemet i Sveio kyrkja er gjennomført i løpet av 2024, vil vi vurdere eit liknande styringssystem i Valestrand kyrkje – Kulturkyrkja. Denne kyrkja er mykje brukt og har store straumkostnader i dag.

Dei tre kyrkjene i kommunen er malte i løpet av dei siste åra, samt det eine kapellet – sommaren 2025 står tjøring av Valen kapell for tur som siste – planlagt med eigne ressursar eller ved dugnad.

7. Planar, strategi, mål

a. Plandokument

Trosopplæringsplan

Plan for kyrkjemusikalsk verksemd

Plan for vern av kyrkjegardar

b. Strategi, mål (Arild, sokneråda)

- i. Korleis skal det vera her om 5 år? (Spørsmål frå visitasbrev)
- ii. Kva må me gjera no for å få det til? (Spørsmål frå visitasbrev)

Innspel frå Haldis:

Fleire barn og ungdom med i arbeidet.

Fleire kontinuerlige tiltak i trosopplæringsplanen. Det gir fleire og betre møte med ungar og ungdommar som gjer noko med kven vi er om 5 år.

(Som ein prestekollega sa til meg, dei har drevet etter skuletid i mange år: - Du kan glede deg til dei blir konfirmantar)

8. Sluttord/konklusjon

Det har skjedd mykje i Sveio sidan førre visitas i desember 2010. Vi har fått ny heimearena for mykje av arbeidet i Sveio ved at Sveio soknehus vart bygd. At staben i Sveio er plassert i huset gjer at ein får ein naturleg møteplass mellom stab og uløna medarbeidarar og andre som søker hjelp av kyrkja. Mykje nytt arbeid er satt i gang på Soknehuset som møter mange folk sine behov for gode møteplassar mellom folk, og mellom Gud og folk.

Også i kyrkjene elles i Sveio har det skjedd forandringar på bygg og med mykje nytt utstyr som har gjort møte med folk enklare og betre.

Vi fekk sett i gang eit arbeid med trusopplæringsplan i Sveio i 2014. Den når alle trinn frå 0-18 år på ein god måte, og med nokre justeringar gjennom åra fungerer den no godt. Det er godt oppmøte på mange av tiltaka i planen slik at vi får møtte mange barn og unge ved mange punkt frå 0-18 år. Nokre av punkttiltaka har gått ut og blitt erstatta med meir kontinuerlege tiltak. Å møte dei same ungane ved fleire høve er bra for kyrkjelydsarbeidet.

Vi har i 2024 teikna misjonsavtale med NMS. Dette er mogeleggjord ved støtte frå Gjenbruksløa i Førde.

Utfordringar:

1) Diakoni

Det er mykje godt diakonalt i kyrkja i Sveio. Det trekker mykje folk og er gode møteplassar. Men vi saknar eit organisert diakoniarbeid under leiing av ein diakon. Dette kan blant anna mogleggjere ei organisert besøksteneste. No har sokneråda i Sveio sett i gang eit prosjekt for å få til ei diakonstilling i Sveio. Gjenbruksløa har vedteke å gje 300.000 kr til halvparten av prosjektet under føresetnad at Sveio kommune gjer det same. Søknaden ligg til avgjersle i kommunen. Viss den går igjennom så blir det diakonstilling i 50% i Sveio organisert i eit treårig prosjekt. Vi håper at dette lar seg gjennomføre og at dette er starten på ei heil fast diakonstilling.

2) Gudstenester

Alt i alt har vi stor kontaktbreidde med folk i Sveio i løpet av veka. Det kan gjerne illustrerast med full parkeringsplass nærast kvar dag utanfor Soknehuset. Men også i grendene i Sveio er det god oppslutnad når ein får invitasjon til å vere med.

Det er veldig god oppslutnad om dåp og konfirmasjon. «Problemet» er aktivitetar i helgene. Dette går ut over den jamne gudstenestedeltakinga. Her har fallet vore ganske stort sidan førre visitas med endå ein knekk etter pandemien. Det er fleire grunnar til at det har blitt slik med mindre deltaking frå bedehuskyrkjelyden som har vorte eldre, stabilisering av folketal med færre dåp, deltakare i trusopplæringsgudstenester og at ein under pandemien fekk seg nye vaner for kva ein gjer i helgene. Dette må stab og sokneråd ta tak. Saman kan ein gjennomføre gode idéar slik at gudstenestene kan vere den gode og sentrale møteplassen vi alle ynskjer.